



SAKSFRAMLEGG

Saksmappe: 2024/540

Sakshandsamar: KOF

Dato: 18.11.2024

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
	Rådet for eldre og funksjonshemma	
	Bygland ungdomsråd	
	Plan, miljø- og ressursutvalet	
	Levekårsutvalet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Prisliste 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Framlegg til prisliste for 2025 for Bygland kommune blir fastsett som kommunale prisar og gebyr for 2025.

SAKSUTGREIING

Ein viser til vedlagde prisliste for 2024 for Bygland kommune.

I dei tilfella kor gebyra er endra, er dei for det meste endra i tråd med anten, 1) lovendringar, 2) estimert lønnsvekst, som er på 4,5 % for 2025 (for dei gebyr som ikkje følgjer egne satsar i lova), 3) harmonisering av gebyra mot andre kommunar i regionen.

Unntak er kommunale avgifter som er endra slik at inntektene på feiing, renovasjon og slam skal dekke kostnadane (jf. vedtak og forskrift), medan for vatn og avløp er dei justert ut frå kor mykje kommunen subsidierer desse områda med i 2024. For eksempel for avløp subsidierer kommunen om lag 30 % av kostnadane, tilsvarande ca. 2,2 mill.,

for å unngå uforholdsmessig høge gebyr. Ein gjer samtidig merksam på at kommunen antakeleg ikkje kan subsidiere så store beløp i år kor inntektene er lågare, så frå 2026 kan det vere at avløpsgebyret blir justert opp endå meir. Dette også pga. investeringar og stadig strengare krav på dette området.

Det er og gjort unntak for utleigesatsar under Samfunn, som ikkje er endra, og satsen for brøyting av private vegar, som er auka vesentleg grunna at brøyteutgiftene på private vegar, spesielt i 2024, er betydeleg høgare enn inntektene.

I 2024 begynte ein på arbeidet med å samanlikne kommunen sine gebyr med andre kommunar i regionen. Så langt har ein tatt denne gjennomgangen i Helse og omsorg, og for bevillingsgebyr, og her er det derfor relativt store endringar i forslaga til prisar for 2025 samanlikna med 2024. Under følger ein tabell som viser utvalte andre kommunar sine gebyr på dette området. Merk at dette er 2024-tal, så for 2025 vil dei antakeleg auke. I forslaget til prisar for 2025, har ein lagt kommunen sitt prisenivå litt under medianen for kommunane under, slik at auka ikkje blir for stor frå 2024 til 2025. I 2026 kan det bli aktuelt å harmonisere gebyra ytterlegare samanlikna med andre kommunar.

2024-prisar for Bygland og utvalte andre kommunar i regionen – utvalgte prisar innanfor helse og omsorg:

	Bygland	Evje	Iveland	Vennesla	Bykle	Valle	Åseral
		418kr/t					
Hjemmehjelp under 2g	75kr/t max 230kr	max 230kr	230kr/mnd	230kr/mnd	100kr/t	35kr (?)	230kr/mnd
Hjemmehjelp 2-3	109kr/t	max 1254kr	190kr/t	444kr/t	100kr/t	103kr/t	350kr/t
Hjemmehjelp 3-4	136kr/t	max 2508kr	316kr/t	444kr/t	200kr/t	137kr/t	355kr/t
Hjemmehjelp 4-5G	164kr/t	max 3344kr	316kr/t	444kr/t	200kr/t	169kr/t	360kr/t
Hjemmehjelp over 5G	207kr/t	max 5016kr	316kr/t	444kr/t	200kr/t	205kr/t	365kr/t
Trygghetsalarm	130kr	418kr	2122kr/år (176,83kr/mnd)	354kr	2850kr/år (237,5kr/mnd)	800kr	285kr/mnd
Tilleggessensor	13kr			20kr			20kr/mnd
Mat	95kr	115kr inkl dessert	99kr	109kr	95kr	80kr	75kr/105kr
Omsorgsboliger	6270-8740kr	5288-11154kr			4500-9650kr		9323-9868kr

Lenke til prislistene	Prisliste for kommunale tenester (Gebyrregulativet) - Bygland kommune	Priser og gebyrer 2023 - Evje og Hornnes kommune (e-h.kommune.no)	Kommunale betalingssatser 2024 - Iveland kommune	Priser og gebyrer 2024 - Vennesla kommune	vedteke-prisliste-2024.pdf (bykle.kommune.no)	Gebyrliste (framsikt.net)	Gebyrliste (framsikt.net)
-----------------------	---	---	--	---	---	---	---

Arbeidet med å harmonisere kommunen sine prisar mot andre kommunar sine prisar, held fram i 2025, også for andre kommunalområde enn Helse og omsorg.

Saksvedlegg

1

Prisliste 2025

Bygland, 18.11.2024

Kommunedirektør